



NORGES FISKARLAG



Statsministerens kontor

Ålesund, 25.3.2021

Tilgang til den europeiske marknaden for norsk sjømat

Den europeiske marknaden er bergejelen for sjømatnæringa i Norge. EU og Storbritannia representerer med sine 500 millionar innbyggjarar ein nærmarknad som er heilt avgjerande for den aktiviteten vi har nasjonalt, både innanfor villfisk og oppdrett. Vi har geografisk nærheit til den største, best betalande og politisk mest stabile sjømatmarknaden i verda.

Det er difor særleg utfordrande for sjømateksporten når vi møter toll- og kvotehindringar til dette, som i praksis er heimemarknaden vår. Ettersom sjømat, i motsetning til andre industrivarer ikkje er ein del av det frie varebytet i EØS-avtalen er situasjonen at vi møter til dels høg importtoll til EU og Storbritannia, og for fleire produkt er vi utestengde frå desse marknadene.

Sjømatnæringa, representert ved Norges Fiskarlag og Sjømat Norge har det siste året hatt stor merksemd på forhandlingane mellom EFTA og Storbritannia. Brexit vil gi nye hindringar i handelen med Storbritannia, særleg gjennom dokument- og kontrollkrava knytt til det veterinære området. Vi ser likevel på forhandlingane som ein unik sjanse til å betre handelsvilkåra til ein av dei største marknadene i Europa, ved å byggje ned toll- og kvotehindringane. Det er difor viktig at vi brukar desse forhandlingane til å betre vilkåra for handelen med Storbritannia.

Handelen med EU ligg i stor grad fast gjennom vilkåra i EØS-avtalen. Gjennom åra har vi blitt kompensert for bortfall av frihandel med land som har slutta seg til EU. Dette har resultert i såkalla kompensasjonskvoter, som er tidsavgrensa tollfrie kvoter på utvalde produkt. Desse kvotane er med jamne mellomrom gjenstand for reforhandling. Det er i seg sjølv uheldig at handelen vår med EU er avhengig av kvoter som må opp til forhandling. Dette skaper ikkje naudsynt stabilitet og langsiktigheit i handelsvilkåra. Dette blir forsterka av at det no synes å vere ein normalsituasjon at nye kvoter ikkje er på plass når dei gamle går ut. Dette er også tilfelle i slutten av noverande kvoterperiode. Ei rekke tollfrie kvoter for sild, makrell og reker går ut 30.4.2021, utan at EU og Norge har starta forhandlingane om vidareføring av desse.

Det kviler eit stor ansvar på styresmaktene å leggje til rette for gode handelsvilkår. Både denne og tidlegare regjeringar har peika på behovet og ønskje om å arbeide for betre marknadstilgang for norsk sjømat. Vi viser her mellom anna til Granavolden-plattformen der Regjeringa uttaler om fiskeri og havbruk at *"Disse næringene har et betydelig vekstpotensial som kan utløses gjennom bærekraftig organisering og åpne handelsmarkeder. Regjeringen vil derfor føre en politikk som stimulerer til økt handel og markedsadgang"*.

Det har vist seg svært vanskeleg å betre handelsvilkåra for norsk sjømat i Europa. Det har ikkje skjedd reelle betringar sidan EØS-avtalen blei iverksett for meir enn 25 år sidan. Når det no har opna seg eit vindauge for å forhandle ein ny frihandelsavtale med ein av dei største handelspartnarane våre i Europa har sjømatnæringa ei sterk forventning om at lenge uttalte politiske mål må bli prioritert.

Norges Fiskarlag og Sjømat Norge har tidlegare drøfta desse spørsmåla, både med næringsministeren og med fiskeriministeren. Vi er kjend med at forhandlingane mellom EFTA og Storbritannia er inne i sluttfasen. Det er i tillegg også svært kort tid igjen av perioden for dei tollfrie kvotene. Vi har difor denne veke på nytt bedd om eit møte med næringsministeren. Vi meiner likevel at alvoret i saka no er så stort at det er behov for også å rette denne førespurnaden til Statsministeren sitt kontor med ønskje snarleg møte.

Med helsing

Sjømat Norge

Norges Fiskarlag

Geir Ove Ystmark

Otto Gregussen

Kopi
Utanriksminister Ine Eriksen Søreide
Næringsminister Iselin Nybø
Fiskeriministeren Odd Emil Ingebrigtsen